

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - N64	14/565

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

### Investering knytt til fiberinstallering i kommunale bustader

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 100.000,- til installering av fiber i kommunale bustader og omsorgsbustader på Matre og Haugsvær.

Midlane vert å ta over disposisjonsfondet.

#### Saksopplysningars:

##### Bakgrunn og fakta:

I samband med utbygging av fiber til bustader og bedrifter i utvalde prosjektoråde i Masfjorden, har det vore drøftingar med Telenor om å leggja inn fiber i kommunale bustader. Tilbodet frå Telenor gjeld innanfor dei utvalde prosjektoråda som det ligg føre avtale med Masfjorden om utbygging av fiber i.

Telenor tilbyr same etableringskostnad/ installasjon av fiberboks per bueining i kommunale bustader som prisen er for private bustader. Kva produkt og innvendig utstyr den einskilde leigetakar ønskjer å kjøpe/ abonnemente på vil verta ei sak mellom Telenor og dne einskilde leigetakar. Det vil vere ei bindingstid på 12mnd på lik linje med private bustader elles i Masfjorden.

I tillegg tek Telenor etterhald om uforutsette ekstrakostnader ved installasjon.

Det er om lag 30 kommunale utleigebustader som er aktuelle å installera fiber i, samt ni omsorgsbustader som ikkje kan knyttast opp mot den kommunale fiberen, som er på plass i bustadane på Sandnes og Hosteland.

Kostnaden med å få installert fiber til veggiv vil difor kunna koma på rundt krone 100.000,- eks. mva når ein reknar inn uforutsette kostnader i prosjektet.

#### Vurdering

Rådmannen meiner at det både er føremålsteneleg og framtdsretta å tinga fiberinstallering fram til kommunale bustader og omsorgsbustadane på Matre og Haugsvær, og at det er ein god modell at

kommunen som huseigar tingar fiber fram til veggliv, og at den einskilde leigebuar sjølv inngår avtale om aktuelt breidbandsprodukt med 12 månader i bindingstid. For dei kommunale omsorgsbustadane vil kommunen sin administrasjon vera bindeledd mellom bebruar og Telenor sitt seljarkorps. Om ein leidgetakar ikkje ønskjer å kjøpa breidbandtenester no, så vil i alle fall fiberen vera på plass i vegglivet utanfor, og vedkomande eller nye leidgetakarar i framtida kan då tinga breidbandstenester når det vert aktuelt seinare.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at det vert løyvd inntil krone 100.000,- til installering av fiber i kommunale bustader og i omsorgsbustader på Matre og Haugsvær.

### **Formannskapet - 027/2017**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Det vert løyvd inntil krone 100.000,- til installering av fiber i kommunale bustader og omsorgsbustader på Matre og Haugsvær.

Midlane vert å ta over disposisjonsfondet.